

Flygtningenævnets baggrundsmateriale

Bilagsnr.:	234
Land:	Etiopien
Kilde:	Landinfo
Titel:	Etiopia: Media og journalistikk
Udgivet:	12. juni 2014
Optaget på baggrundsmaterialet:	22. oktober 2014

Etiopia:
Media og journalistikk
Rapport av Terje Skjerdal



Utlendingsforvaltningens fagenhet for landinformasjon (Landinfo) skal som faglig uavhengig enhet innhente og analysere informasjon om samfunnsforhold og menneskerettigheter i land som Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE) og Justis- og beredskapsdepartementet har behov for kunnskap om.

Denne rapporten er skrevet av Terje Skjerdal på oppdrag fra Landinfo. Alle synspunkter og konklusjoner som fremkommer, er forfatterens egne, og kan ikke nødvendigvis tillegges Landinfo.

Terje Skjerdal er førsteamanuensis i medievitenskap ved NLA Høgskolen i Kristiansand (tidligere Mediehøgskolen Gimlekollen). Skjerdal har arbeidet med medieutvikling og medieforskning i Etiopia siden 2002, og blant annet vært med på å opprette mastergradsstudiet i journalistikk ved Universitetet i Addis Abeba. I januar 2013 forsvarte han doktorgraden ved Universitetet i Oslo med avhandlingen «Competing loyalties: Journalism culture in the Ethiopian state media». Han har publisert en rekke forskningsartikler om mediesituasjonen i Etiopia.

© Landinfo 2014

Materialet i denne publikasjonen er omfattet av åndsverklovens bestemmelser. Uten særskilt avtale med Landinfo er enhver eksemplarfremstilling og tilgjengeliggjøring bare tillatt i den utstrekning det er hjemlet i lov.

Alle henvendelser om Landinfos rapporter kan rettes til:

Landinfo

Utlendingsforvaltningens fagenhet for landinformasjon

Storgata 33 A

Postboks 8108 Dep

N-0032 Oslo

Tel: 23 30 94 70

E-post: landinfo@landinfo.no

www.landinfo.no

Etiopia: Media og journalistikk

SUMMARY

The Ethiopian media structure could be described as state-controlled pluralism. A limited degree of diversity does exist in the media market; however, channels with an outspoken oppositional leaning are under pressure. Oppositional newspapers rarely survive for more than 3 to 4 years. On the other hand, independent newspapers and radio stations with a less controversial political outlook have proven to be stable and could potentially survive for many years.

Journalism in the state media is marked by a submissive and foreseeable reporting style promoting official reports and development issues. The journalistic style in the private media is more audience friendly and to a larger degree focuses on current events. However, there are few investigative stories, even in the private media. State media journalists as well as their private counterparts rely heavily on self-censorship. Issues which in one way or the other could be linked to terrorism are regarded as particularly sensitive. Other sensitive areas to be aware of are ethnic and religious conflict as well as inter-state tensions on the Horn of Africa and oppositional political activity. Critiquing the ruling party is acceptable, but the criticism needs to be balanced and limited in order to avoid repercussions.

Ethiopian authorities engage in systematic censorship targeting oppositional websites and broadcasts emanating from the Ethiopian diaspora. Local audiences still get access to some of the content through Facebook or similar alternative channels. The appointment of Hailemariam Desalegn as Prime Minister after Meles Zenawi in September 2012 has not lead to any remarkable change in Ethiopian media policy.

SAMANDRAG

Mediestrukturen i Etiopia kan beskrivast som statskontrollert pluralisme. Det eksisterer nokon grad av mediemangfald, men kanalar som markerer seg som tydeleg opposisjonelle er under press. Opposisjonelle aviser har sjeldan ei levetid på meir enn 3-4 år. Uavhengige aviser og radiostasjonar med ein mindre kontroversiell politisk profil er derimot stabile, og ser ut til å ha lagt eit grunnlag for å kunna eksistera i mange år.

Journalistikken i statsmedia er prega av ein servil og forutsigbar reportasjestil med fokus på offisielle rapportar og utviklingssaker. Journalistikken i private mediekkanalar er hendingsorientert og meir populær blant publikum, men det er få undersøkjande saker. Journalistar både i statseigde og private medium utøver sjølvensur. Saker som på ein eller måte vedkjem terrorisme er særleg kontroversielt. Også religiøs og etnisk konflikt, spenningar på Afrikas Horn og politisk opposisjonell aktivitet er sensitive område å rapportera om. Å kritisera regjeringspartiet er akseptabelt, men kritikken bør vera balansert om ein skal unngå represaliar.

Styresmaktene driv systematisk sensur av opposisjonelle nettsider og utvalde radiosendingar produsert av etiopiarar i eksil. Etiopiske innbyggjarar får likevel tilgang til ein del av stoffet gjennom Facebook eller andre kanalar. Innsetjinga av Hailemariam Desalegn som statsminister etter Meles Zenawi (september 2012) har ikkje medført noka vesentleg endring i etiopisk mediepolitikk.

INNHALD

1. Innleiing	6
2. Historisk bakgrunn 1991–2014	6
3. Oversikt over medielandskapet	8
3.1 Fjernsyn	8
3.2 Radio.....	10
3.3 Aviser	11
3.4 Nettaviser.....	12
3.5 Bloggar	13
3.6 Sosiale medium	14
3.7 Internettkafear.....	14
3.8 Nyhendebyrå.....	15
4. Journalistmiljøet	16
4.1 Demografi.....	16
4.2 Profesjonell identitet.....	16
4.3 Løn og tilleggssytingar.....	16
4.4 Status i samfunnet.....	17
4.5 Journalistutdanning.....	17
4.6 Journalistorganisasjonar	17
5. Utfordringar i journalistkvardagen	18
5.1 Overvaking	18
5.2 Frykt og sjølvzensur	20
5.3 Utviklingsjournalistikk og protokolljournalistikk i statsmedia	21
5.4 Tilsetjingar og politiske utnemningar.....	21
6. Medielovgjevnad	22
6.1 Medielova av 2008	22
6.2 Antiterrorlova av 2009.....	23
7. Straffereaksjonar og rettargang	24
7.1 Fengslingar og arrestasjonar	24
7.2 Rettserfaringar	25
7.3 Saka mot to svenske journalistar	25
7.4 Brutale overgrep og mishandling	26
8. Journalistisk aktivitet i eksil	26
8.1 Etiopiske journalistar i eksil	26
8.2 Eksilmedium.....	27
8.3 Blokkering av eksilmedium.....	27

8.4	Retur av eksiljournalistar	28
9.	Oppsummering	29
10.	Referansar	30

1. INNLEIING

Det har vore mykje fokus på mediesituasjonen i Etiopia, ikkje minst av internasjonale rettighetsorganisasjonar. Landet har vorte kjend for eit regime som driv informasjonskontroll og som held nært oppsyn med journalistisk aktivitet. Regimet har fått kritikk for arrestasjonar og fengslingar av journalistar. Etiopia er i dag eit av landa på verdsbasis med flest journalistar i eksil. Mange har enda opp i USA, men det er òg ein del etiopiske journalistar som søker asyl i skandinaviske land.

Målet med dette notatet er i første rekkje å gje eit innsyn i situasjonen for journalistar og medieverksemder i Etiopia. Notatet er basert på feltarbeid i etiopiske medieverksemder i ei rekkje periodar mellom 2007 og 2014, men òg inntrykk frå tidlegare opphald er med som ein del av bakgrunnen. Eit utval av journalistar og redaktørar er intervjuet (ca. 90), samt andre sentrale personar i det lokale mediemiljøet. I tillegg er det gjort intervju med etiopiske journalistar i eksil i ulike europeiske land, samt USA og Uganda. Notatet inneheld ikkje mange referansar til enkeltintervju, men er ei samlande oppsummering av inntrykka som er skapt gjennom intervju og samtalar med personar i det etiopiske mediemiljøet.

2. HISTORISK BAKGRUNN 1991–2014

Mediesituasjonen under Derg-regimet (1974–91) var prega av statskontroll og streng sensur. Frie ytringar og uavhengige medium var noko av det første EPRDF-konstellasjonen lova etter at den kom til makta i 1991.¹ Ei av dei første lovene som vart innført av overgangsregjeringa var ei lov som omdefinerte rolla til statsmedia,² og som gav dei offisielle mediekanalane rett til å dekkja regjeringa kritisk. Ei ny presselov i 1992 forbaud sensur og opna for private mediekanalar, som hadde vore forbode under Derg-regimet. Private aviser vart etablert i høgt tempo, og marknaden rann snart over av publikasjonar, både seriøse og useriøse. Mange av avisene på 1990-talet var langt utanfor etablerte profesjonelle standardar. Dei publiserte falske rykte villig vekk for å skada den nye regjeringa.

Det gjekk ikkje lang tid før regjeringa slo hardt tilbake mot den private pressa. Journalistar vart fengsla og publikasjonar inndregne. Midt på 1990-talet vart Etiopia det landet i Afrika med mest hyppige arrestasjonar av journalistar (Kerina, 1996). Presselova vart brukt aktivt for å få journalistar domfelte. I rettsvesenet var det ingen tradisjon for å tolka ytringsfridomsprinsipp, og presselova i kombinasjon med straffelova gav vide fullmakter til å fengsla journalistar (Gedion, 2010). På landsbygda og nedover i det offentlege systemet var reaksjonane ofte endå meir restriktive, ettersom tenestemenn ynskte å vera «på den sikre sida». Bodbilar med aviser kunne få heile lasta konfiskert. Personar som las private aviser risikerte å bli trakasserte fordi dei automatisk vart rekna som opposisjonelle.

¹ Transitional Period Charter of Ethiopia, artikkel 1a, *Negarit Gazeta*, 22. juli 1991.

² Proclamation No. 6/1991, 'A Proclamation to Provide for the Determination of the Application of State Owned Mass Media', *Negarit Gazeta*, 3. oktober 1991.

I tida rundt 2000 og under den etiopisk-eritreiske krigen 1998–2000 stabiliserte situasjonen seg noko mellom den private pressa og regjeringa. Fleire aviser vart etablert med eit meir moderat politisk grunnlag enn ein del av dei opposisjonelle publikasjonane som kom og gjekk på 1990-talet (t.d. Addis Admas, Reporter, Capital og Fortune). Desse avisene er mellom dei største og økonomisk mest stabile avisene i Etiopia i dag (2014).

Fram mot nasjonalvalet i 2005 spissa situasjonen seg på nytt mellom regjeringa og den private pressa. I månadene fram mot valdagen 15. mai 2005 kom det på marknaden stadig fleire private aviser, mange med klare sympatiar til den politiske opposisjonen (særleg Coalition for Unity and Democracy, CUD). Det var registrert 85 aviser som kom ut (Kibnesh, 2006, s. 15). Opplaga på enkeltaviser steig til det mangedobla. Den opposisjonelle avisa Ethop, til dømes, steig frå 5000 til 130.000 i opplag i vekene før valet (intervju med eigar Sisay Agena, Addis Abeba, 14. mai 2010). Populariteten til dei private avisene var eit klart uttrykk for støtta til den politiske opposisjonen, som vart stadfest i valresultatet 15. mai 2005.

Demonstrasjonane etter 2005-valet enda med kraftige reaksjonar frå regjeringa som òg råka retten til frie ytringar. I juni 2005 vart SMS-tenesta stengd, som eit tiltak for å hindra organiserte aksjonar og folkesamlingar. Stenginga varte i over to år, som har vore omtala som det mest graverande dømet på eit tiltak av denne sorten nokon stad i verda (Balancing Act, 2010). Overgrepet mot mediefridomen kulminerte etter dei valdelege handlingane i Addis Abeba i november 2005, då 14 journalistar og medieeigarar vart arresterte saman med 62 opposisjonsleiarar. Dei fleste journalistane var fengsla i nesten to år før dei vart benåda i juli 2007.

Tida etter 2007 har vore mindre dramatisk, men samstundes med betegnande overgrep mot enkeltjournalistar og inngrep i handlingsrommet til frie medium generelt. I månadene fram mot nasjonalvalet i 2010 vart det sett på trykk kommentarartiklar i den statseigde avisa Addis Zemen som vart tolka som ei åtvaring mot delar av den private pressa. Den kritiske vekeavisa Addis Neger svara med å stengja dørane, og redaksjonen rømde utanlands. På ein pressekonferanse i mars 2010 offentliggjorde statsminister Meles Zenawi at regjeringa prøvde ut utstyr som kunne forstyrre utanlandske radiosendingar, og sa dei var klar til å ta i bruk dette utstyret «om nødvendig» (spesifikt handla det om amharisksendingane til Voice of America) (BBC, 2010). Rykte om dette hadde versert i mediekrsinsar, men det var første gongen det vart stadfest frå offisielt hald. Mange kritiske nettsider er òg gjort utilgjengelege av det nasjonale teleselskapet Ethio Telecom i kortare eller lengre periodar (jf. 8.3).

Ei antiterrorlov som kom i 2009 er teken aktivt i bruk mot enkeltjournalistar. I dag (mai 2014) er det fem journalistar i etiopiske fengsel som har vore langtidsfengsla på grunnlag av antiterrorlova, og tre av desse er domfelte. Den meste kjende er bloggaren Eskinder Nega, som vart arrestert i september 2011, og seinare dømd til 18 års fengsel.

Dersom ein ser EPRDF-perioden under eitt (1991-2014), har mediesituasjonen etter 2007 vore forholdsvis stabil. Talet på aviser er markant mindre enn under 2005-valet (ca. 20), men dagens publikasjonar er meir levedyktige; dei fleste har eksistert i minst ti år. Publikasjonane er mindre kontroversielle enn ein del av dei tidlegare opposisjonelle avisene. Kritisk stoff om regjeringa og statsapparatet er likevel ikkje

uvanleg (til dømes om offentlege tenester som ikkje fungerer), men publikasjonar som kan beskrivast som direkte opposisjonelle har det vore få av dei siste åra.

Den private mediemarknaden har vorte noko utvida i og med privat radiokringkasting som regjeringa opna for i 2007. Det finst i dag fem private radiokanalar i landet (fire i Addis Abeba, ein i Mekelle). Innhaldet i kanalane er stort sett ukontroversielt, men det er ein del debattar med politiske spenningar, særleg i Sheger FM (den mest populære kanalen).

Arrestasjonen av seks bloggarar og tre frilansjournalistar i april 2014 kan markera ei innstramming, men for regjeringa er desse å rekna som politiske aktivistar snarare enn journalistar.

3. OVERSIKT OVER MEDIELANDSKAPET

Det går eit hovudskilje i det etiopiske medielandskapet mellom statsmedium og private medium. I kringkastingssektoren er det statsmedia som dominerer, medan det er private mediekanalar som dominerer i avissektoren. På internett er det dei private aktørane som er mest synlege og mest populære. At regjeringa har satsa lite på nettmediet, verkar først og fremst å vera eit uttrykk for den generelle mangelen på ressursar og digital kompetanse som rår i dei statlege mediehusa.

3.1 FJERNSYN

Fjernsynstilbodet i Etiopia er statskontrollert. Den store aktøren er Ethiopian Television (ETV), som dekkjer mesteparten av landet, og som sender over satellitt til utlandet. ETV har tre kanalar og sender på fem lokale språk (amharisk, oromiffa, tigrinya, somalisk og afar), i tillegg til tre internasjonale språk (engelsk, fransk og arabisk). Amharisk er det dominerande språket med 60 prosent av sendetida (Skjerdal, 2013, s. 107).

Innhaldet på ETV består av mykje undervisnings- og opplysningsprogram (41 %), men nyhende, debatt og dokumentar utgjer òg ein stor del av sendeflata (29 %). Dei siste 30 prosentane er ein kombinasjon av drama, underhaldning og andre sjangrar (Ward, 2011, s. 49).

ETV vert rekna som det fremste talerøyet for regjeringa på mediefronten. Kringkastingselskapet har som ein del av oppdraget sitt å informera om offisiell etiopisk politikk. Nyhendesendingane kan framstå som kjedelege og offisielle i forma. Det er relativt få «hendingsnyhende» på kanalen. Det meste som vert rapportert er forutsigbar informasjon om til dømes nasjonal utvikling, offisielle statsbesøk, og så vidare. For folk flest er det likevel ein viss veg frå ETV til eksempelvis Eritrean Television, som populært vert beskrive som statspropaganda.³

ETV har vore gjennom omfattande omstrukturering sidan ca. 2008. Eit av måla har vore å omdanna kanalen frå å vera ein statskringkastar til å bli ein allmennkringkastar («public broadcaster»). Ifølgje kringkastingslova av 2007 er ETV

³ Det etiopiske uttrykket for dårleg journalistikk, «shabia», er identisk med ordet som vert brukt om det eritreiske regimet.

(som ein del av organisasjonen Ethiopian Radio and Television Agency, ERTA) no definert til å driva «public broadcasting service». BBC (Storbritannia) og SABC (Sør-Afrika) har vore referanseiningar i omstruktureringa. Innholdsmessig er det likevel langt frå ETV til dei kjende globale allmennkringkastarane. Nyhendestudioet er utvilsamt meir moderne enn tidlegare, og det er tendensar til meir direkte og populær formidling, men profilen som heilskap gjev eit offisielt snarare enn uavhengig uttrykk.

Frå tid til anna lagar ETV dokumentarproduksjonar med klar politisk agenda. Ein av dei mest omdiskuterte produksjonane dei siste åra er dokumentaren «*Jihadawi Harekat*»⁴ (februar 2013), som koplar fredelege muslimske demonstrasjonar i Etiopia med valdelege islamistiske terrororganisasjonar i utlandet. Eit anna interessant døme er dokumentaren «Akeldama» (november 2011), som skuldar Unity, Democracy and Justice (UDJ, eit opposisjonsparti) for å ha terrorinteresser gjennom tilknytning til Ginbot 7 (forbode opposisjonsparti organisert frå diasporaen; Landinfo, 2012). Dømet er interessant fordi ETV vart dømt for produksjonen i ein føderal domstol i april 2014. UDJ vann fram med at dokumentaren var ærekrenkjande, og ETV vart dømt til å kringkasta eit dementi (Tamiru, 2014).

Tilliten til ETV hjå publikum synest generelt å vera låg. Dette på trass av at enkelte undersøkingar viser at ETV er mellom dei mest populære fjernsynskanalane – men dette må truleg forklarast som ein konsekvens av at ein del sjåarar ikkje har tilgang til andre kanalar. Likevel er det i dag mange som har tilgang til satellittfjernsyn, særleg i byane. Den mest omfattande og representative undersøkinga om mediebruk i Etiopia til no, gjennomført mellom 4000 hushaldningar i 2011, fann at 31 % av respondentane ser på parabolfjernsyn dagleg (Ward & Selam, 2011, s. 13). Dei to mest populære satellittkanalane er Al-Jazeera og BBC, med ESAT (Ethiopian Satellite; eksilmediekanal) på tredje plass, eit stykke bak (jf. 8.2).

For tida skjer det ei massiv utbygging av den regionale kringkastingsstrukturen i Etiopia. Difor er ikkje ETV lenger den einaste fjernsynskanalen i landet. Fleire av dei ni regionale statane har fått eigne fjernsynsstasjonar (Oromo-regionen, Somali-regionen, Tigray-regionen og Amhara-regionen). Desse sender dels med eige sendenettnettverk, dels via sendenettnettverket til ETV. Etter kvart skal alle regionane få sine eige kanalar og eigne sendenettnettverk. Dette skjer gjennom regionale massemedieselskap («mass media agencies»), som er eigde av regionane og som etter lova vert rekna som allmennkringkastingselskap. Innhaldet i sendingane er mykje prega av utviklingsstoff, og i liten grad av kritisk journalistikk (jf. 5.3).

Den første private fjernsynsstasjonen er på trappene. Det er venta at Fana Broadcasting Corporate (FBC) er det første selskapet til å få lisens; kanskje alt ved utgangen av 2014 (Fortune, 2014). Bakgrunnen til FBC (tidlegare Radio Fana) illustrerer den politiske pragmatismen som rår i etiopisk mediepolitikk. Selskapet er nært knytt til regjeringsinteresser, og har alltid vore favorisert av EPRDF. Radio Fana oppstod som illegal undergrunnsradio («Voice of the Tigray Revolution») i kampen mot Derg-regimet, styrt av Tigrayan People's Liberation Front (TPLF). Då TPLF og EPRDF kom til makta i 1991, fekk Radio Fana lov til å halda fram, på trass av at regjeringa formelt ikkje tillét private radioar før i 2007. FBC er i dag registrert som privat radiostasjon. Mange reknar den likevel ikkje som uavhengig, men som

⁴ «Jihad-rørsla».

regjeringstilknytt. FBC har 200 journalistar, og er den største private medieorganisasjonen i Etiopia.

Utbygging av digitalt bakkenett er på gang i Etiopia, men dei første sendingane på dette nettet vil ikkje vera på plass før tidlegast 2017. Dersom FBC får lisens som fjernsynsselskap, må stasjonen i dei første åra måtta leiga sendetid frå ETV.

3.2 RADIO

Radioen kan hevdast å vera det viktigaste massemediet i Etiopia, ut frå at det er den mediekanaalen med størst utbreiing. Radiomediet er særleg viktig fordi landet har så spreidd busetnad, med 83 % av folket busett i rurale område.⁵ Ei undersøking frå 2011 fann at 71 % av folket eig eller har lett tilgang til radio (Ward & Selam, 2011, s. 15). 60 % kryssa av for at dei lytta til radio «i går».

Radiomarknaden er ein kombinasjon av privat og statseigd. Den dominerande kanaalen på landsbasis er Ethiopian Radio, som er statskontrollert. Den private stasjonen Radio Fana (sjå 3.1) har òg nasjonal lisens, men har mindre nedslagsfelt enn statsradioen.

Ethiopian Radio har sidan 2009 vore samlokalisert med ETV i sentrum av Addis Abeba. Radio- og fjernsynsjournalistar arbeider i same mediehus (Ethiopian Radio and Television Agency), og mykje av produksjonen er felles. Den journalistiske profilen til Ethiopian Radio kan difor i stor grad samanliknast med ETV. Hovudvekta er på programflater med offisiell informasjon og undervisning (folkeopplysning). Det er lite kritisk journalistikk.

På same viset som med fjernsynet har den statlege radioen hatt stor ekspansjon på regionalt nivå dei siste åra. Kvar av dei ni regionane har sine egne radiosendingar, på ulike språk. Mange journalistar er tilførte i dei regionale massemedieselskapa. Statskringkastinga er såleis meir omfattande enn nokon gong.

Samstundes har statskringkastinga fått konkurranse frå privat kringkasting. Det vart opna for private radiostasjonar i 2007, og fem stasjonar har fått lisens. Alle bortsett frå Radio Fana er urbane radioar (med nedslagsfelt i Addis Abeba og Mekelle). Stoffet i dei private radiokanalane er i hovudsak ukontroversielt, med vekt på sosiale saker, musikk og underhaldning. Stasjonane har likevel viktige nyhendesendingar som fungerer som eit alternativ til dei offisielle rapportane i statsradioen. Særleg den eine stasjonen, Sheger FM (Addis Abeba), har aktualitetsprogram og debattar som kan kritisera offisiell politikk (sjå t.d. Engdawork, 2011, som viser korleis opposisjonen slepp til i valkampsendingar). Ulike undersøkingar har konkludert med at Sheger FM er den mest populære radiokanaalen i Addis Abeba (Ward & Selam, 2011; Wondwossen, 2010). Dette skuldast nok både at kanaalen er meir direkte og journalistisk i forma enn statsradioen, og at den har ein meir populær musikkprofil. Også Radio Fana – som har indirekte band til regjeringa – er ein populær kanal. Tendensen er eintydig: Der det er eit alternativ, føretrekkjer lyttarane private radiostasjonar framfor statsradioen.

Til skilnad frå mange andre afrikanske land er lokalradioar («community radios») av liten betydning i Etiopia. Lokalradioar var inntil for få år sidan ikkje-eksisterande i landet. Med den nye kringkastingslova (2007) er det mogleg å få lisens for

⁵ Verdsbanken 2012 (<http://data.worldbank.org/indicator>).

lokalradio, og det er i dag 16 slike radioar rundt omkring i landet (Yonas, 2014). Desse er i all hovudsak drivne av frivillige. Den typiske lokalradioen sender berre 1–2 timar for dagen. Så langt har desse stasjonane ikkje hatt noka nemneverdig politisk betydning.

Innanfor radiosektoren er det i tillegg viktig å nemna utanlandske stasjonar som sender på kortbølgje til Etiopia. Fleire av dei kjende internasjonale kringkastingsselskapa satsar på program på etiopiske språk. Dei viktigaste er Deutsche Welle og Voice of America, som til saman når anslagsvis 2–3 millionar etiopiarar kvar dag (dvs. 5 % av busetnaden) (Ward & Selam, 2011, s. 25). Nokre av desse programma er kontroversielle. Det gjeld særleg amharisk-sendingane til Voice of America, som har provosert den etiopiske regjeringa i lang tid. Voice of America har òg sendingar på oromiffa og tigrinya, men desse har sjeldan utløyst reaksjonar (sjølv om oromosendingane har opplevd forstyrringar nokre gonger). Regjeringa meiner derimot at amharisk-redaksjonen i Voice of America er ein arnestad for politisk opposisjonell aktivitet gjennom den etiopiske diasporaen i Washington DC, og at dei brukar kortbølgjesendingane til politisk agitasjon overfor folk i heimlandet. Saka har ført til diplomatiske spenningar mellom Etiopia og USA. I mars 2010 uttala dåverande statsminister Meles Zenawi at Etiopia var klar til å ta i bruk signalforstyrringar av amharisk-sendingane til Voice of America, og det har vore gjort systematisk. Forstyrringane slår inn så snart det handlar om ei politisk betent sak (Heinlein, 2011).

3.3 AVISER

Avisene er den einaste staden i den etiopiske mediemarknaden – bortsett frå internettsider – der dei private aktørane dominerer. For tida (mai 2014) kjem det ut om lag 20 aviser i Etiopia. Av desse er fire statseigde og resten private. Dei statseigde avisene kjem ut på amharisk og engelsk (dagsaviser), samt oromiffa og arabisk (vekeaviser). Desse er prega av protokolljournalistikk, dvs. forutsigbar rapportering med vekt på offisielle pressemeldingar, konferanserapportar osb. Det er likevel tendensar til at statsavisene har byrja å vinkla stoffet noko meir mot folk flest (Skjerdal, 2013), men folk les i liten grad desse avisene. Dei vert i hovudsak distribuerte på hotell, offentlege kontor og gjennom offisielle kanalar. Opplaga på dei to største statsavisene – Addis Zemen (amharisk) og The Ethiopian Herald (engelsk) er på ca. 10.000 eksemplar kvar.

Dei private avisene er meir populære. Likevel er opplaget – ut frå norsk standard – svært lite. Dei to største avisene, Addis Admas (amharisk) og amharisk-versjonen av The Reporter, ligg stabilt på ca. 20.000 i opplag. Likevel, sjølv om totalopplaget av etiopiske aviser er lite, bør ein ikkje undervurdere posisjonen dei har i det offentlege rommet. Lesarmassen er i hovudsak velutdanna, med stor overrepresentasjon av beslutningstakarar, akademikarar og politisk aktive borgarar. Distribusjonen skjer stort sett i Addis Abeba, samt i nokre andre mellomstore byar. På landsbygda er aviser berre sporadisk tilgjengelege.

Avisene vert ikkje distribuert gjennom personlege abonnement, men gjennom institusjonar (kontor, hotell, bibliotek) og på gata og i kafear. Visse stader i Addis Abeba (t.d. Arat Kilo) har preg av å vera nyhendesentrum der ein får kjøpt dei fleste avisene som kjem ut. Både private og statseigde aviser er i sal, men det er lett å sjå at folk føretrekkjer dei private. Dersom dei les dei offisielle avisene, synest det helst å vera for å orientera seg om jobbutlysingar til statlege stillingar.

Eit enkelt eksemplar kan lesast av mange personar. Når ein kjøper ei avis på gata, tek ein som regel ikkje med seg avisa, men betaler for å lesa den, for så å levera den tilbake. Prisen vert såleis ein brøkdel av den påtrykte utsalsprisen. Om ein skal kjøpa avisa med seg, er prisen ca. 4 birr (1,50 kr). For 3 birr (1 kr) kan ein kjøpa lesetid for alle avisene i sortimentet til avismannen. Dette er ein kostnad som er overkomeleg for dei fleste (mindre enn ein kaffikopp).

Dei fleste avisene kjem ut ein gong i veka. I tillegg til dei to nemnde statsavisene er det berre to private aviser som kjem ut oftare (dagsavisa Daily Monitor og amhariskversjonen av The Reporter, som kjem ut to gonger i veka). Dei fleste avisene kjem ut fredag, laurdag eller søndag. I helga er kafeane rundt avishjørna fulle av folk som les og diskuterer siste nytt.

Det er elles verd å merka seg at Etiopia er det einaste afrikanske landet sør for Sahara der avisene hovudsakleg kjem ut på lokale språk. Det er amharisk som dominerer, utanom ei avis på oromiffa (samt ei på arabisk og fem på engelsk). I tillegg er det regionale publikasjonar på ulike lokale språk. Etiopia har såleis greidd å få eit offentleg ordsifte som skjer på lokale språk, ikkje berre i munnleg form, men òg i skriftleg. Samstundes gjer dette det vanskeleg for utlendingar å få eit fullgodt innsyn i medieinnhaldet. At berre ei av avisene er på oromiffa (språket til den største folkegruppa), kan ikkje lenger forklarast med at det er ein bevisst strategi frå styresmaktene si side. I utgangspunktet er det i dag ope for kven som helst å starta aviser (så sant ein har etiopisk statsborgarskap).

Tidlegare var det krav om lisens for å starta aviser og andre nyhendepublikasjonar. Etter medielova av 2008 er det ikkje lenger krav om lisens, men publikasjonen skal registrerast med utgjevarnamn og eigarskapsopplysningar. Det er visse eigarskapsavgrensingar; mellom anna kan ikkje den same eigaren ha to publikasjonar på same språk innanfor same nedslagsfelt. Enkelte har framstilt dette som eit problem (særleg Amare Aregawi, som står bak The Reporter og er den største aviseigaren i Etiopia), men i praksis er det ikkje her ytringsfridomsproblemet i Etiopia ligg. Hovudutfordringa er snarare at folk flest aldri får noka reell moglegheit til å delta i det offentlege ordsiftet.

3.4 NETTAVISER

Etiopia har lenge hatt eit av dei dårlegaste utbygde netta i Afrika. Ifølgje International Telecommunication Union hadde berre 1,5 % av busetnaden tilgang til internett i 2012 (gjennomsnittet for Afrika er ca. 16 %).⁶ Men tilgangen utvidar seg raskt, og talet på internettbrukarar har nesten dubla seg annakvart år sidan 2000. Internett er vorten ein betydeleg informasjonskanal. Det er langt fleire som les nyhende på nettet enn som les papiraviser, til dømes.

Etiopiske mediehus har satsa minimalt på internett. Svært få medieverksemdar har eigne nettreporterar. Nettutgåvene er som regel ein kopi av morsmediet (avis, radio, fjernsyn). Dette gjeld private mediekanalane nesten like mykje som statsmedium. Det er likevel enkelte unntak. New Business Ethiopia (www.newbusinessethiopia.com) har daglege oppdateringar. Det same har Awramba Times (www.awrambatimes.com).

⁶ International Telecommunication Union 2012, www.itu.int.

I enkelte lokale nettaviser finst det ein del regjeringskritisk informasjon. Særleg Awramba Times inneheld mykje kritikk, eksempelvis om fengsling av journalistar, om økonomisk rot hjå ein kinesisk samarbeidspartnar i telesektoren, om tryggingssstyrkar som opnar eld mot fredelege studentdemonstrantar, m.m. Awramba Times var tidlegare ei papiravis (etablert 2007), men då redaktør Dawit Kebede drog til USA i eksil i november 2011, vart avisa lagd ned, og ei nettutgåve oppstod frå Washington DC. Skilnaden var at den nye nettutgåva hovudsakleg vart redigert på engelsk, medan den tidlegare papiravisa kom ut på amharisk. Dawit Kebede vende tilbake til Etiopia etter to år (oktober 2013), og har halde fram som redaktør og utgjevar av nettutgåva, framleis redigert på engelsk. Awramba Times er eit døme på at det er mogleg å driva nokon grad av kritisk journalistikk frå Etiopia. Den vesentlege forklaringa er at Awramba Times ikkje er eintydig regjeringskritisk. Nettavisa kritiserer ikkje berre regjeringa, men òg opposisjonen.

Dei fleste nettavisene på verdsveven som fokuserer på Etiopia er likevel redigerte av etiopiarar i eksil (sjå 8.2).

3.5 BLOGGAR

Bloggemiljøet i Etiopia kan synast å vera mindre mangfaldig i dag enn framfor 2005-vallet (Gagliardone, 2014; Helen, 2011; Skjerdal, 2014). Likevel spelar bloggfloraen ei viktig rolle som alternativ ytringskanal. Ein del av bloggane inneheld politisk stoff og fungerer som alternative nyhende kjelder. Bloggane formidlar bilete og fakta om hendingar før dei etablerte nyhendekanalane kjem på bana, til dømes frå politiske demonstrasjonar. Faktaopplysningane er ikkje alltid like godt sjekka, men i det store og heile formidlar bloggane eit saksvarande bilete av kva som har skjedd – rett nok ofte i politisk innpakning.

I Etiopia går det ei uklar grense mellom kven som kallar seg blogger og kven som kallar seg journalist. Ein del aktive bloggerar har fortid som journalistar. Dette gjeld til dømes Eskinder Nega, som dei siste åra før han vart arrestert i 2011 leverte kommentarstoff til ulike blogger og utanlandske nettaviser. Tidlegare har han stått bak ulike papiraviser i Etiopia. Eit anna sentralt døme er dei tidlegare journalistane i den kritiske vekeavisa Addis Neger (nedlagd 2009), som i dag oppheld seg i ulike land i Europa, Nord-Amerika og Afrika (inkludert Etiopia), og som driv ulike blogger.

Mykje fokus den siste tida har det vore på bloggnettverket Zone9. Dette er ei samling av unge, politisk engasjerte bloggerar med mellom anna journalistisk og akademisk bakgrunn. Nettverket oppstod i 2012, og har heile tida vore aktivistisk og tydeleg regjeringskritisk (<http://zone9ethio.blogspot.com>). Namnet i seg sjølv seier noko om korleis dei plasserer seg i høve til styresmaktene. «Zone9» er ein allusjon til Kaliti-fengslet i Addis Abeba, der fleire journalistar sit fengsla. Fengselet har åtte soner, der den åttande husar mellom anna journalistar og menneskerettsaktivistar. «Zone9» er dermed den imaginære sona der alle etiopiarar er «fengsla».

Seks av bloggerane i Zone9 vart arresterte i april 2014, saman med tre frilansjournalistar. Dette er den mest omfattande pågripinga av journalistar og bloggerar i Etiopia sidan 2005. Alle ni er skulda for å eggja til vald gjennom sosiale medium og gjennom kontakt med internasjonale menneskerettsorganisasjonar. Saka skal opp i retten i juni 2014. Utfallet var ikkje klart då dette notatet vart skrive.

Mange av dei mest regjeringskritiske bloggane er blokkerte av styresmaktene. Dette er mogleg fordi den einaste internettleverandøren i landet, Ethio Telecom, er statskontrollert. Blokkering av nettsider tok til i 2006. Etiopiske styresmakter ser ut til å bruka enkel URL-blokkering, dvs. at det er den spesifikke nettadressa som vert gjort utilgjengeleg (Poetranto, 2012). I byrjinga var heile bloggssamfunnet Blogspot blokkert. I dag er blokkeringa meir treffsikker, og enkeltbloggar som til dømes Zone9 er gjort utilgjengeleg. Alle nettsidene som er gjort utilgjengelege er i kategorien regjeringskritiske.

Det finst òg bloggar i Etiopia som er regjeringsvenlege, og bloggar som er meir politisk balanserte. Ein av dei mest populære er Hornaffairs.com, som er driven av Daniel Berhane. Slagordet for bloggen er «The truth lies between the extremes». Bloggen inneheld både kommentarar og reportasjestoff. Den har bidragsytarar frå ulike delar av det etiopiske samfunnet og frå ulike etniske grupper. Sjølv om bloggen inneheld artiklar og kommentarar som er regjeringskritiske,⁷ er det usannsynleg at den vil bli utsett for represaliar. Gjennom å ha stilt seg kritisk til opposisjonen ved ei rekkje høve har den oppnådd ei form for immunitet.

3.6 SOSIALE MEDIUM

Facebook er svært populært i Etiopia. Talet på lokale brukarprofilar har runda 1 million.⁸ Nettsamfunnet vert brukt ikkje berre til sosial kommunikasjon, men i stor grad til nyhendeformidling og politisk diskusjon. Den som vil ha siste nytt frå Etiopia, er mest nøydd til å følgja med på Facebook.

Interessant nok er Facebook ikkje blokkert av styresmaktene.⁹ Dette på trass av at ein gjennom nettstaden kan få tilgang til mykje kritisk og kontroversiell informasjon. Bloggarar og opposisjonelle eksilmediekanalar brukar Facebook svært aktivt som oppslagstavle. Slik sett har det avgrensa verknad at enkelte nettsider er blokkerte. Ein kan uansett få tak i det meste av informasjonen via Facebook; i det minste hovudinnhaldet.

Bruken av Twitter i Etiopia er ubetydeleg (Portland, 2014). Det same gjeld Instagram og andre anerkjende globale sosiale medium (med unntak av Facebook).

3.7 INTERNETTKAFEAR

Internettkafeare er lett tilgjengeleg i Etiopia, både i Addis Abeba og i dei mindre byane. Kafeane er spesielt populære blant studentar og aldersgruppa under 40, og dei som ikkje har nettilgang heime. Likevel er det grunn til å tru at besøket har vorte mindre dei siste par åra som ei følgje av at stadig fleire har tilgang til internett anten privat eller på arbeidsplassen. Mange studentar har dessutan fått berbare datamaskiner, og det er vorte populært med USB-modem som gjev tilgang til nettet over det meste.

Internettkafeane er private og er drivne med profitt som motiv. I kafeen er det som regel ei kopimaskin som er flittig brukt til kopiering av attestar og anna (30 øre/ark),

⁷ Bloggen har i det siste til dømes kritisert arrestasjonar av journalistar og har rapportert om korleis studentar vert pressa til å bli medlem av regjeringspartiet (eksempel frå mai 2014).

⁸ Basert på www.internetworldstats.com.

⁹ Bortsett frå heilt sporadiske og kortvarande tilfelle; US Department of State, 2014, s. 13.

og ein skrivar til utskrift av til dømes studentoppgåver. Drift av internettkafé krev lisens frå Ethio Telecom.

Det finst meldingar om sikkerheitsagentar som har dukka opp på internettkafear og åtvara brukarane mot å surfa på opposisjonelle nettsider. I august 2011 vart ein internettkafé på Arat Kilo i Addis Abeba stengd i 20 minuttar medan sivilkleddde sikkerheitsagentar gjennomsøkte datamaskinene til to brukarar (Addis Neger, 2011). Human Rights Watch (2014, s. 67) har intervjuar fleire kaféeigarar som har opplevd ubehagelege besøk og trugsmål frå sikkerheitsagentar.

Det er ikkje forbod i Etiopia mot å gå inn på visse nettsider, men enkelte vil nok sjå seg over skuldra før dei går inn på nettsider som er sperra (sidene er tilgjengelege via proxyserverar¹⁰). Internettkafeane er utvilsamt ein viktig arena for deling av regjeringskritisk informasjon.

3.8 NYHENDEBYRÅ

Det finst to nyhendebyrå i Etiopia, eit statseigd og eit privat. Det statseigde nyhendebyrået, Ethiopian News Agency (ENA), er ein sentral aktør for spreieing av offisiell informasjon (www.ena.gov.et). Med omstruktureringa av statsmedia i 2007 vart ENA lagt direkte under informasjonsdepartementet (seinare Government Communication Affairs Office). ENA har om lag 120 journalistar, med hovudkontor i Addis Abeba og 39 lokalkontor rundt om i landet (Skjerdal, 2013, s. 100). Byrået produserer nyhenderapportar og bulletengar for statsmedia. Stoffet er òg tilgjengeleg for private medium, men vert i liten grad brukt. Sjølv i statsmediekanalane føretrekkjer mange journalistar å bruka stoff frå det private byrået Walta fordi det er meir publikumsretta. ENA har utvekslingsavtalar med ein del av dei kjende internasjonale nyhendebyråa, t.d. Reuters og AFP. Dei siste åra har særleg samarbeidet med Xinhua (det kinesiske nyhendebyrået) vorte tettare. Walta er den private motparten til ENA, men vert likevel rekna som regjeringsvenleg (www.waltainfo.com). Historia til Walta kan samanliknast med historia til Radio Fana (sjå 3.2). Byrået oppstod i motstandskampen mot Derg-regimet på 1980-talet, og har nytt spesielle privilegium heile tida under EPRDF. Walta produserer artiklar og program som er meir populære i forma enn ENA, men regjeringskritikk er i røynda heilt fråverande. Dei fleste av sakene handlar om utvikling eller internasjonalt samarbeid.

Stoffet frå både ENA og Walta er til å stola på. Sjølv om utvalet av saker er vinkla til fordel for regjeringa, og den totale formidlinga såleis vert ubalansert, legg byråa og journalistane æra si i at faktaopplysingane i den enkelte artikkelen og i det enkelte innslaget er pålitelege og sanne.

¹⁰ Proxyserver: datamaskin som fungerer som mellomstasjon mellom brukaren og Internett, og som gjer det mogleg å få tilgang til sperra nettsider fordi lokasjonen til brukaren er skjult.

4. JOURNALISTMILJØET

4.1 DEMOGRAFI

Det er i underkant av 2000 journalistar i Etiopia (Birhanu, 2014; Skjerdal, 2013; Ward, 2011). Med utbygginga av den statlege regionale mediestrukturen er talet i vekst (omtalt under 3.1). Anslagsvis 80 % arbeider for statsmedia; langt dei fleste av desse i kringkastingssektoren. Journalistar som arbeider for private mediekkanalar utgjer ca. 400 personar. Bloggarar er ikkje rekna med i dette talet; heller ikkje journalistar som arbeider for kanalar som ikkje kan reknast som nyhendemedium (t.d. underhaldnings- og sportsmagasin).

4.2 PROFESJONELL IDENTITET

Det er mykje sosialisering mellom statlege og private journalistar. Dei møtest på fritida og i ulike profesjonelle samanhengar. Dei har ein felles yrkesidentitet. Ein del av dei har arbeidd både i private medium og i statsmedium, og overgangen går båe vegar. Likevel har ein del journalistar medviten tilhøyrigheit anten i statsmedia eller private media. Tilsetjing i statsmedia gjev trygge arbeidsvilkår, og vert føretrekt av mange. Dessutan er det vanleg å høyra frå journalistar i statsmedia at dei ikkje kunne tenkt seg å arbeida i private mediekkanalar fordi dei ser på desse som politiserte. På same viset er det utenkjeleg for ein del private journalistar å arbeida i statsmedia fordi desse kanalane vert rekna som talerøyr for regjeringa. Somme journalistar har klare politiske preferansar som gjer at dei aldri vil søkja jobb hjå «motparten».

Omfattande feltstudiar konkluderer med at den profesjonelle identiteten til etiopiske journalistar er tydeleg, både i statlege og private medieverksemdar (Birhanu, 2013; Skjerdal, 2013). Den etniske og politiske identiteten kjem òg til uttrykk, men lojaliteten blant majoriteten av journalistar i det daglege arbeidet er i første rekkje knytt til profesjonen. Men biletet er samansett. Enkelte journalistar har ein klar politisk motivasjon for å søkja seg til media (gjeld i hovudsak private journalistar). Enkelte andre kan ha eit instrumentelt forhold til yrket; det er tilfeldig at dei hamna i media, og dei arbeider med journalistikk først og fremst for å ha ei inntekt (gjeld statlege journalistar meir enn private).

4.3 LØN OG TILLEGGSYTINGAR

Etter internasjonale standardar tener etiopiske journalistar dårleg, men i høve til samanliknbare profesjonsyrke lokalt er inntekta over gjennomsnittet. Ei typisk månadsløn for ein journalist – både i private medium og statsmedium – er 2000–2500 birr (750 kr). Dette er meir enn til dømes det ein lærar tener. Ein del journalistar har bakgrunn frå andre yrke, og læraryrket ser ut til å vera overrerepresentert. Redaktørar kan tena opp mot det dobbelte av det ein vanleg journalist tener; særleg i private medium kan toppsjefen ha høg løn (5000 birr eller meir). Redaktørar finst for øvrig på fleire nivå i etiopiske medieorganisasjonar. Ein redaktør («editor») treng ikkje ha reelt publiseringsansvar, men er i mange tilfelle berre ein redigerar (til skilnad frå «editor-in-chief» eller «senior editor»).

Å vera journalist i Etiopia opnar moglegheiter for ekstrainntekter. Mange journalistar har gode språkkunnskapar og tek til dømes oversetjingsoppdrag for ein av dei mange internasjonale organisasjonane som er representerte i Addis Abeba. Biinntektene for slike oppdrag kan tidvis overstiga den vanlege månadsløna, kanskje fleire gonger.

Journalistyrket opnar òg for moglegheiter av inntekter av meir tvilsam karakter, såkalla brune konvoluttar («brown envelopes»). Dette er små kontantbidrag som går frå kjelda/konferansearrangøren til journalisten og som er meint å gå til dekning av transportutgifter, men som i realiteten er ein liten bestikkelse for å få journalisten til å framstilla kjelda i eit positivt lys. Dei fleste i profesjonen meiner at brune konvoluttar er etisk problematisk, men mange takkar likevel ja når dei får tilbod om ein slik (Birhanu, 2010).

4.4 STATUS I SAMFUNNET

Journalistyrket er korkje eit høg- eller lågstatusyrke i det etiopiske samfunnet. Men enkelte journalistar kvir seg for å flagga yrkestilknyttinga si. Dei er klar over at mange har fordomar mot media, både private og statlege. Statsmediejournalistar har opplevd hetsing frå publikum når dei har vore på reportasjeoppdrag fordi dei vert rekna som støttespelarar til regimet. Nokre har vorte banka opp av opposisjonelle eller kasta stein på av tilskodarar.

4.5 JOURNALISTUTDANNING

Det har vore ein voldsom ekspansjon i journalistutdanningar i Etiopia sidan midten av 2000-talet. Fram til tidleg på 2000-talet fanst berre ein journalistiskule i landet; det statsdrivne Ethiopian Mass Media Training Institute. I 2004 opna eit mastergradsprogram i journalistikk ved Addis Abeba universitet som har uteksaminert mange kandidatar som sidan har vore delaktige i å byggja opp journalistutdanningar på bachelornivå i regionane. Det finst i dag journalistikkprogram ved minst 21 universitet i landet. Kandidatar frå dei regionale programma går stort sett inn i stillingar i regionale statlege massemedieselskap. Kandidatar frå utdanningane i Addis Abeba går i større grad ut i private medieselskap i tillegg.

Satsing på journalistutdanning er ein viktig del av profesjonaliseringa som har skjedd i etiopisk journalistikk dei seinare åra. Den sensasjonsprega og ekstremistiske journalistikken som prega ein del av mediebiletet på 1990-talet er langt på veg vekke. Noko av grunnen til dette er press frå styresmaktene, men det er òg eit sterkt driv mot profesjonalisering frå journalistmiljøet sjølv.

4.6 JOURNALISTORGANISASJONAR

Eit anna teikn på profesjonalisering av etiopisk journalistikk er framveksten av interesseorganisasjonar for journalistar. Særleg i perioden etter 2006 har det vorte danna mange nye organisasjonar, og det finst i dag minst 14 spesielle interesseorganisasjonar for mediearbeidarar, til dømes Ethiopian Environment Journalists' Association, Science Journalists' Association, Network of Journalists Against Female Genital Mutilation og Foreign Correspondents' Association of Ethiopia. Fleire av organisasjonane er ikkje særleg aktive. Andre, som Ethiopian Environment Journalists' Association, har langt breiare aktivitetsgrunnlag enn namnet skulle tilseia og arrangerer seminar og diskusjonar om til dømes pressefridom.

Ei ny organisasjonslov frå 2009 («NGO law»)¹¹ har skapt utfordringar for journalistorganisasjonane. Lova set mellom anna ei grense for utanlandsk støtte til maksimalt 10 % av dei totale inntektene dersom organisasjonen arbeider med rettighetsspørsmål. Lovparagrafen er eit tydeleg tiltak frå styresmaktene for å begrensa utanlandsk innblanding i menneskerettsspørsmål. Mellom anna ytringsfridomsorganisasjonen PEN Ethiopia (som har fått støtte frå mellom anna Noreg) er utfordra av dette. Kreative metodar vert nytta for å omgåast regelverket, til dømes at den eksterne støtta til eit bestemt arrangement vert overført via ein annan lokal aktør i staden for at beløpet går direkte til organisasjonen.¹²

I tillegg til interesseorganisasjonane finst det tre meir fagforeiningsprega journalistorganisasjonar (men dei forhandlar ikkje om løn). Den eldste er Ethiopian Journalists' Association (EJA), etablert i 1969. Denne har tradisjonelt samla journalistar frå statsmedia. Den har svært få medlemmar i dag, på trass av kva organisasjonen sjølv hevdar. Dei som er medlemmer, kan ein anta står nær regjeringa/EPRDF. Motparten, Ethiopian Free Press Journalists' Association (EFJA), vart danna i 1993 av opposisjonelle journalistar frå private mediekanalar. EFJA eksisterer framleis, men mest på papiret. Dei som opphavleg stod bak organisasjonen drog i eksil tidleg på 2000-talet (t.d. leiar Kifle Mulat). Dei som leier organisasjonen i dag er meir politisk moderate (t.d. leiar Wondwosen Mekonnen).

Som ein reaksjon mot både EJA og EFJA vart det danna ein tredje organisasjon i 2003, Ethiopian National Journalists' Union (ENJU). Bak denne står ei gruppe yngre journalistar som var frustrerte over polariseringa mellom EJA og EFJA. ENJU illustrerer generasjonsskiftet i etiopisk journalistikk. Dei tidlegare politiske skiljelinjene mellom private og statlege journalistar er til ei viss grad erstatta av ein felles profesjonell identitet. ENJU er likevel av enkelte skulda for å vera regjeringsvenleg.

I det siste har det kome ein utfordrar til desse tre organisasjonane; Ethiopian Journalists' Forum (EJF), etablert i januar 2014. Organisasjonen består av unge journalistar og bloggarar, og har ein uavhengig, regjeringskritisk profil. Leiar Betre Yacob drog i eksil etter arrestasjonen av Zone9-bloggarane i april 2014, og framtida til EJF er usikker.

5. UTFORDRINGAR I JOURNALISTKWARDAGEN

5.1 OVERVAKING

Det er allment kjent at etiopiske journalistar vert overvaka. Kor stort omfang overvakinga har, er vanskeleg å slå fast. Ein talar neppe ikkje om generell overvaking av journalistar eller medieorganisasjonar, men om målretta overvaking av enkeltjournalistar og enkeltføretak. Kor vidt ein journalist hamnar i radaren,

¹¹ Charities and Societies Proclamation no. 621/2009, *Negarit Gazeta*, 13. februar 2009.

¹² Ein skjult internasjonal støttepartner kan for eksempel betala eit konferansehotell direkte i staden for å senda pengane til den lokale rettighetsorganisasjonen.

handlar om i kva grad ein vert mistenkt for å vera politisk opposisjonell eller å støtta slik verksemd.

Både telefonavlytting, epostovervaking og overvaking via informantar vert brukt. Enkelte journalistar i private medium har to mobiltelefonar; ein dei brukar til daglegdagse samtalar, og ein som dei brukar til sensitive samtalar. Av og til høyrer dei knepp og ulydar i mobilen. Det reknar dei som prov på at nokon lyttar på linja. At dette stemmer, har kome fram i fleire rettssaker der utskrifter og opptak av telefonsamtalar er lagde fram i vitneførselen. Både i saka mot Eskinder Nega (i 2012) og Reeyot Alemu (i 2012) vart opptak av telefonsamtalar brukte som bevis av aktoratet. Human Rights Watch (2014) konkluderer likevel med at avlytting av mobiltelefonar og fasttelefonar har eit avgrensa omfang, rett og slett fordi det ville bli svært ressurskrevjande å driva omfattande kartlegging av slik kommunikasjon. Derimot er det vanleg i politietterforskinga å kartleggja kontaktnettverket til ein person gjennom å be om utskrift av samtaletrafikken for nummeret hjå Ethio Telecom. At det har vore kontakt mellom den mistenkte og politiske organisasjonar har i fleire tilfelle vore tilstrekkeleg indisium på at det har skjedd eit lovbrøt, særleg dersom det handlar om kontakt med dei forbodne organisasjonane Oromo Liberation Front (OLF) eller Ginbot 7.

Epostkorrespondanse har òg vorte lagt fram i fleire rettssaker der journalistar har vore involvert (t.d. i den ovannemnde saka mot Reeyot Alemu; sjå Alemayehu, 2012). Styresmaktene har sidan 2012 hatt tilgang til avansert utstyr som kan overvaka epostkommunikasjon, men ifølgje Human Rights Watch (2014) er det ikkje mykje brukt. Men politiet har i enkelte tilfelle fått tilgang til epostkontoar gjennom å få tak i passordet, anten ved hjelp av press eller på anna vis. Lokale epostkontorar med .et-adresse kan dei lett logga seg inn på med assistanse frå Ethio Telecom, men det er få som brukar epostadresse med .et-suffiks.

Bak den elektroniske overvakinga og avlyttinga står to statlege kontor: National Intelligence and Security Services (NISS) og Information Network Security Agency (INSA). Begge organisasjonane har vide fullmakter til å driva overvaking, mellom anna gjennom paragraf 14 i antiterrorlova av 2009 (jf. 6.2). Ethio Telecom stiller sjeldan spørsmål dersom NISS eller INSA ber om assistanse eller om utlevering av materiale.¹³

I tillegg til overvaking via tekniske hjelpemiddel eksisterer det overvaking via informantar. Denne overvakinga er utbreidd og uoversiktleg. Mange journalistar i Etiopia har ei kjensle av at det stadig er nokon rundt dei som følgjer med på kva dei gjer, og som rapporterer vidare. Det kan vera personar som dukkar opp på kafear, på ulike arrangement, eller på arbeidsplassen. Når ein intervjuar journalistar i Etiopia, hender det at dei kjenner seg ubekvemme med intervju-lokalet og spør om samtalen kan halda fram ein annan stad. Då er det nokon i lokalet dei ikkje kjenner seg trygge på.

Rett før valet i 2005 oppstod eit rykte mellom journalistane i ulike statsmedieorganisasjonar (spesielt Ethiopian Television) at regjeringa hadde plassert informantar i redaksjonane. Dette var personar som var henta inn frå regionane for å arbeida som journalistar, men som ingen kjende frå før, og som hadde lite

¹³ Meir informasjon om teleovervaking i Etiopia finst i rapporten «'They know everything we do': Telecom and Internet surveillance in Ethiopia» (Human Rights Watch, 2014).

journalistisk kompetanse. Dei andre journalistane i redaksjonen gav dei eit humoristisk kallenamn, «UNMEEs», etter dei fredsbevarande styrkane mellom Etiopia og Eritrea (UN Mission in Ethiopia and Eritrea). Forståinga var at journalistane meinte at dei nye medarbeidarane var henta inn for å dempa spenninga mellom journalistane og leiinga i medieorganisasjonane. I tillegg oppstod eit rykte om at UNMEE-journalistane arrangerte eigne møte og rapporterte vidare til leiinga om politiske sympatiar blant dei redaksjonelle medarbeidarane. At dette faktisk skjedde, er ikkje dokumentert, men at UNMEE-journalistane var plassert der i kraft av å vera sympatisørar av EPRDF, er godt sannsynleggjort (Skjerdal, 2013, s. 194).

5.2 FRYKT OG SJØLVSENSUR

Etiopiske journalistar har ulike haldningar til om dei opplever frykt i arbeidskvardagen. Denne utsegna frå ein journalist i ei privat avis verkar likevel til å vera dekkjande for mange: «Generelt er eg ikkje redd. Men somme gonger, når eg skriv om sensitive saker, kan eg kjenna frykt» (intervju, Addis Abeba, 7. mai 2009). I dette tilfellet er det snakk om ein mann som har arbeidd som journalist i private og offisielle aviser i meir enn 20 år. Han har opparbeidd seg ein god teft for kvar grensa går for kva han kan skriva og ikkje. Denne evna til *sjølvensur* er velutvikla hjå medarbeidarar både i private og statseigde medium.

Sjølvsensuren kjem til syne både i utvalet av saker (kva saker ein kan dekkja), og korleis ein dekkjer sakene. Journalistane peikar særleg på fire område som kan vera problematiske: etnisk konflikt, religiøs konflikt, terrorisme/tverrnasjonal konflikt og politisk opposisjonell aktivitet. Det er likevel ikkje slik at ein ikkje kan dekkja desse saksområda, men ein må balansera mengda kritisk stoff med ei høveleg mengd ukontroversielt stoff. I realiteten er det ikkje jamvekt i dekninga; ein lyt kanskje laga ti nøytrale reportasjar før ein kan laga éi kritisk. Eit mogleg eksempel på ei sak som kunne ført til reaksjonar er eit intervju med ein al-Shabaab-leiar. Etiopiske journalistar vil rekna ein slik artikkel som utenkjeleg. Også intervju med ein Ginbot 7-leiar vil vera ein stor risiko. Organisasjonen kan omtalast, men dersom ein representant for Ginbot 7 kjem til orde og får argumentera for saka si, kan journalisten venta seg reaksjonar frå styresmaktene eller ordensmakta i ei eller anna form.

Det vert stundom hevda at det ikkje er kritisk stoff i etiopiske aviser, men ein gjennomgang av materialet syner eit anna bilete. Det er ikkje vanskeleg å finna kritiske artiklar, òg retta mot EPRDF. I den private avisa The Reporter har det stått på trykk intervju med opposisjonsleiarar som har kalla Etiopia eit totalitært regime og samanlikna det siste valet med eit Sovjet-val, utan at styresmaktene reagerte. Arrestasjonen av dei seks bloggarane i april 2014 var førstesidestoff i fleire private aviser. På leiarplass får regjeringa kritikk for inflasjon, elektrisitetsproblem, mangefulle teletenester og så vidare. Alt dette er døme på stoff frå dei stabile private avisene som vart etablert rundt 2000. Desse avisene er i liten grad truga av nedlegging som følgje av press frå styresmaktene. Dei har opparbeidd seg ein posisjon som gjer det legitimt for dei å kritisera regjeringa. Det kan synast som dette er mogleg fordi dei har ein balanse i det totale stoffutvalet; dei har òg på trykk reportasjar som er positive til utviklinga og styresettet i Etiopia. Men i desse avisene som i alle andre mediekanalar i Etiopia er det naudsynt å utøva sjølvensur om mediet skal overleva på lengre sikt (Skjerdal, 2010b).

5.3 UTVIKLINGSJOURNALISTIKK OG PROTOKOLLJOURNALISTIKK I STATS MEDIA

Statsmediekanalane er prega av utviklingsjournalistikk («development journalism»). Dette er ei journalistisk tilnærming som søker å fremja utvikling gjennom media. Innanfor dette journalistiske paradigmet vert media sett på som samarbeidspartnarar for styresmaktene snarare enn ei fjerde statsmakt. Fokuset er på saker om sosial og økonomisk utvikling. Dersom ein opnar statsavisa The Ethiopian Herald, ser ein tydeleg korleis utviklingsjournalistikken kjem til uttrykk – gjennom overskrifter som «Int'l Human Rights Day marked in Makalle», «New universities under construction» og «Centre to provide CT scan diagnosis for free».

Utviklingsjournalistikken vart gjort til offisiell politikk for etiopiske statsmedium i 2008 gjennom eit eige policydokument (Ethiopian Press Agency, 2008). Etiopia er i dag truleg det einaste afrikanske landet som har utviklingsjournalistikk som offisiell strategi. Mange andre land på kontinentet hadde det på 1980-talet, men omgrepet gjekk etter kvart ut av bruk, før det gjenoppstod i Etiopia på 2000-talet (Skjerdal, 2012).

Det etiopiske policydokumentet om utviklingsjournalistikk åtvarar både mot liberalistisk mediefilosofi (som ifølgje dokumentet ikkje er eigna til å fylla behovet til eit utviklingssamfunn) og mot autoritær mediefilosofi, der journalistikken vert brukt som propagandaverktøy for regimet. Redaktørane i dei offisielle mediekanalane er svært medvitne på at statsmedia ikkje skal bli oppfatta som propagandakanalar, og distanserer seg frå mediestrategien i regime som dei ikkje vil samanlikna seg med, t.d. Eritrea.

I realiteten er mykje av stoffet i statsmedia protokolljournalistikk. Omgrepet viser til forutsigbar journalistikk som mekanisk refererer frå konferansar, offisielle pressemeldingar og så vidare utan å ha rom for det uventa (Akinfeleye, 1982). Det er òg tendensar til protokolljournalistikk i private medium, men i langt mindre grad enn i statsmedia.

Journalistane sjølve har ei dobbel haldning til utviklingsjournalistikken. På den eine sida er dei samde i at eit utviklingsland som Etiopia treng ein journalistikk som har spesielt fokus på utvikling, men dei er skeptiske til måten utviklingsjournalistikken er utøvd på i statsmedia i dag. Dei er først og fremst skeptiske til at utviklingsjournalistikken i praksis er PR for regjeringa. I tillegg er det ei arbeidsform som journalistane opplever som lite utfordrande. Dette er ei allmenn oppfatning hjå journalistar i statsmedia.

5.4 TILSETJINGAR OG POLITISKE UTNEMNINGAR

Journalistar i statsmedia er ikkje nødvendigvis EPRDF-sympatisørar. Mange er kritiske til den offisielle politikken på ulike område. Spesielt er dei kritiske til at staten blandar seg inn i den redaksjonelle praksisen. Enkeltjournalistar i statsmedia har ved nokre høve gjeve til kjenne tydelege opposisjonelle sympatiar. Det er ikkje ofte dette skjer; dei som støttar opposisjonen i statsmedia vil som regel halda ein låg profil. Det finst minst to døme på journalistar i Ethiopian Television som har måtta forlata stillinga si på grunn av anti-EPRDF-haldningar (etter 2005-valet). Dei vart ikkje sagde opp, men valde sjølve å gå – sjølv om dei i realiteten ikkje hadde noko val (Skjerdal, 2013, s. 223). Direkte oppseiingar av journalistar skjer så å seia aldri.

I statsmedieorganisasjonane er det to typar tilsetjingar: vanlege tilsetjingar og politiske utnemningar. Vanlege tilsetjingar skjer etter profesjonell vurdering. Dei fleste i organisasjonen vert tilsette på dette viset, der ein praktisk opptaksprøve får stor vekt. Formell journalistutdanning har dei siste åra vore eit minstekrav for å bli kalla inn til prøven. Kandidaten må òg inn til eit tilsetjingsintervju, men politisk syn er ikkje eit tema i intervjuet. Det er grunn til å tru at tilsetjingane i hovudsak skjer etter profesjonelle kriterium.

Ein nytilsett kjem som regel til organisasjonen som reporter («junior reporter»). Derifrå kan han/ho stiga i hierarkiet, heilt fram til «senior editor». Etter dette nivået bør ein ha partiboka i orden for å avansera vidare (til «department head» osv.), og det går formelt over til å vera utnemning, ikkje avansement. Toppleiarane i statsmedia vert i praksis utnemnde direkte av statsråden (sjefen for Government Communication Affairs Office), formelt via styret.

Statsmedieorganisasjonane kan difor seiast å ha politisk utnemnd leiing, medan journalistane nedover i organisasjonen er tilsette på profesjonelt grunnlag. Det er likevel grunn til å tru at journalistane i statsmedia generelt er meir positive til EPRDF enn kollegaene i private medium. I ei representativ undersøking blant etiopiske journalistar (dei fleste frå statsmedia) oppgav 45 % å ha EPRDF som partipreferanse (Birhanu, 2014, s. 5). Slike målingar har svært stor usikkerheitsgrad, sidan dei fleste journalistane er varsame med å tilkjenne politiske sympatiar. Det høge talet tilseier likevel at regjeringa faktisk har mange sympatisørar i journaliststanden, og særleg i statsmedia.

6. MEDIELOVGJEVNAD

Etiopia har fleire lover som innverkar på journalistisk aktivitet. Berre dei to mest aktuelle for straffesaker mot journalistar er omtala her.

6.1 MEDIELOVA AV 2008

Medielova av 2008 erstatta den tidlegare omtala presselova frå 1992 (jf. kap. 2).¹⁴ Den nye medielova representerer ei klar forbetring av etiopisk medielovgjevnad. Tilgangen til varetektsfengsling av journalistar er kraftig innskrenka, og kan ikkje iverksetjast utan samtykke frå retten.¹⁵ Publikasjonar treng ikkje lenger lisens for å starta opp, og det er inga årleg avgift å betala, slik det var før. Journalistar har ein lovfest rett til å danna profesjonelle organisasjonar. I tillegg inneheld lova ein stor bolk om informasjonsfridom, som gjev journalistar og vanlege borgarar rett til innsyn i offentlege dokument (denne delen av informasjonslova tredde i kraft først i 2011). Det siste er ei nyvinning i etiopisk statsforvaltning. Mange statstilsette har vore på kurs for å læra korleis innsynsretten fungerer i praksis. Det har vore stor

¹⁴ Freedom of the Mass Media and Access to Information Proclamation no. 590/2008, *Negarit Gazeta*, 4. desember 2008. Tilgjengeleg frå: http://www.lawethiopia.com/images/federal_proclamation/590.ae..pdf.

¹⁵ Varetektsfengsling av journalistar har vore eit problem i Etiopia, og har vore hyppig brukt ved mistanke om lovbrøt. Med den nye medielova av 2008 (§43(1)) er det lovfest at den mistenkte skal høyrast av retten før slik fengsling kan skje.

skepsis til om styresmaktene verkeleg er interesserte i å gje journalistar innsyn i offentlege prosessar, og det er utvilsamt ein lang veg å gå før statsadministrasjonen er prega av openheit. Likevel er lova vorten testa ut med hell. Den private avisa Fortune vart først nekta innsyn i ei sak, men etter klage til departementet med tilvising til informasjonslova vart avisa innrømt innsyn (intervju med redaktør Tamrat Gebregiorgis, 27. februar 2013).

Etter at den nye medielova kom har den vore lite brukt i samband med rettssaker mot journalistar. Nokre unntak er det likevel. I ei av fleire saker mot Temesgen Desalegn (tidlegare redaktør, Feteh) vart han nekta å halda fram med å gje ut ei ny avis, Addis Times, fordi han etter påstanden ikkje hadde avlevert eksemplar av avisa til nasjonalarkivet, slik lova krev. Han skulle òg ha brote paragrafen som seier at utgjevaren skal opplysa om kven aksjonærane er (CPJ, 2013).

Den paragrafen i den nye medielova som er mest til hinder for ei fri presse i praksis er kanskje paragraf 42, som gjev påtalemakta rett til å stoppa distribusjonen av ein publikasjon dersom det er mistanke om at utdelinga vil setja den nasjonale tryggleiken i betydeleg fare. Denne paragrafen vart brukt for å stoppa utgjevinga av den kritiske vekeavisa Feteh i juli 2012. Avisa hadde førstesideoppslag om helsetilstanden til statsminister Meles Zenawi (døydde august 2012), men opplaget vart stoppa av justisdepartementet gjennom det statseigde trykkjeriet Berhanena Selam (Birhanu & O'Donnell, 2012, s. 293). Det vart den siste utgåva for avisa, som fekk ei levetid på fire år. Saka viser òg korleis regjeringa aktivt brukar det statseigde trykkjeriet Berhanena Selam til informasjonskontroll. Verksemda trykkjer dei aller fleste avisene i Etiopia, både statseigde og private. Det finst òg ulike private trykkjeri, men Berhanena Selam kjem som regel best ut når det gjeld trykkvalitet og effektivitet. Eit av dei største private trykkjeria er Bole Printing Enterprise (Addis Abeba), som har meir enn 250 tilsette og som trykkjer enkelte private aviser.

6.2 ANTITERRORLOVA AV 2009

Antiterrorlova av 2009¹⁶ er for tida det mest brukte lovverket mot journalistisk aktivitet i Etiopia. Av dei sju journalistane som sit i etiopiske fengsel i dag, er fem tiltalte etter antiterrorlova; tre med rettskraftig dom (frå 5 til 18 år).

Antiterrorlova har vore kraftig kritisert av rettighetsorganisasjonar (t.d. Article XIX, 2010). Eit av hovudproblema med lova er at den definerer terrorisme og bidrag til terrorisme svært vagt og breitt. Paragraf 6 fastset dessutan ei strafferamme på 20 år for personar som publiserer informasjon som kan bli oppfatta som støtte til terrorisme. Dette medfører at journalistar og redaktørar risikerer tiltale ved å omtala dei forbodne organisasjonane Oromo Liberation Front (OLF), Ogaden National Liberation Front (ONLF) og Ginbot 7 i vendingar som kan bli oppfatta som positive (dei tre organisasjonane vart erklærte som terrororganisasjonar av parlamentet i juni 2011). Organisasjonane vert frå tid til anna omtala av private medium, men aldri i rosande eller positive ordelag. Etiopiske redaktørar veit godt at det ville vera å trakka over grensa for akseptable ytringar.

Den mest kjende journalisten som har fått dom etter antiterrorlova er Eskinder Nega. Han vart arrestert i september 2011 og fekk 18 års dom for støtte til terrorisme i juli

¹⁶ Proclamation on Anti-Terrorism no. 652/2009, *Negarit Gazeta*, 28. august 2009. Tilgjengeleg frå: <http://www.mfa.gov.et/docs/Anti-Terrorism%20Proclamation.pdf>.

2012 (oppretthalde av høgsterett i mai 2013). Gjennom artiklar på nettet skreiv han at den arabiske våren snart kom til å spreia seg til Etiopia. Han vedgjekk i retten å ha oppfordra til demonstrasjonar i Etiopia, men nekta for å ha oppfordra til vald (UN Human Rights Council, 2012). I journalistmiljøet i Etiopia er det delte oppfatningar om engasjementet til Eskinder Nega. Somme meiner at han har misbrukt journalistposisjonen sin til å driva politisk aktivisme. Han vedgår å ha vore aktiv ein periode i All-Amhara People's Organization og All Ethiopian Unity Party (intervju med Eskinder Nega, Addis Abeba 7. mai 2009). Uavhengig av dette meiner nok dei fleste journalistar i Etiopia at det er feil å dømme han for støtte til terrorisme, og at dommen er ei rein politisk markering frå regjeringa si side.

Bruken av antiterrorlova mot journalistar har ein avskrekkande effekt for redaktørar og medarbeidarar i private mediekkanalar. Dei er svært varsame når dei omtalar terrorerklærte organisasjonar og når dei rapporterer om utanrikspolitiske spenningar mellom Etiopia og andre land på Afrikas Horn. Dei er òg varsame når dei publiserer kommentarar som på andre måtar kan oppfattast som utfordrande for den politiske stabiliteten i Etiopia. Her slår sjølvsensuren inn for fullt (jf. 5.2).

7. STRAFFEREAKSJONAR OG RETTARGANG

7.1 FENGSLINGAR OG ARRESTASJONAR

Fellesnemninga «arrestasjonar», som stundom vert brukt som indikator for pressefridomssituasjonen, kan i Etiopia med fordel delast inn i pågripingar, arrestasjonar og fengslingar. Å bli pågripen (eller anholdt) av politiet har mange etiopiske journalistar opplevd, kanskje dei fleste. Dette skjer til dømes når ein pressefotograf vert stoppa av politiet og spurt kva han/ho tek bilete av. Det inneber ikkje nødvendigvis nokon mistanke om lovbrøt, men er likevel ei viktig påminning om at ordensmakta følgjer med.

«Å bli arrestert» vert brukt om å bli teken med til politistasjonen til avhøyr, og kanskje måtta tilbringa ei eller fleire netter der. Mange etiopiske journalistar og redaktørar har opplevd dette. Somme omtalar det som ei vanesak, og ifølgje redaktør Amare Aregawi i The Reporter er det først og fremst plagsam misbruk av tida hans (intervju, Addis Abeba, 27. februar 2013). Når ein journalist eller redaktør vert arrestert, er det som regel på grunn av mistanke om at det kan ha skjedd eit lovbrøt, men stundom kan det synast å vera helst for å koma med ei åtvaring. Det kan verka som ein del polititenestemenn i Etiopia er overivrige i tenesta for å visa at dei gjer jobben sin, og det skal difor lite til for at ein journalist eller redaktør vert teken inn til avhøyr.

Overgangen mellom arrestasjon og fengsling er noko glidande, men dersom retten opnar for etterforsking og den arresterte vert sitjande i varetekt, er det vanleg å snakka om fengsling. Ein del etiopiske journalistar har vore fengsla utan at det har ført til vidare rettsforfølging. Som eit kuriosadøme på dette var dagens høgt profilerte statssekretær i Government Communication Affairs Office, Shimelis Kemal (som har

forfatta medielova og er ein av dei sentrale mediestrategane i regjeringa) fengsla i tre månader i 1998 medan han gav ut ei privat avis (Abou, 1999, s. 84).

Talsmenn for regjeringa har elles ein tendens til å kommentera saker mot journalistar medan desse er under etterforsking, og etterlet såleis eit inntrykk av at dei blandar seg inn i rettsprosessane. Eit døme på dette kom etter arrestasjonane av dei seks bloggarane og tre frilansjournalistane i april 2014, då sjefen for Government Communication Affairs Office, Redwan Hussein, som har status som statsråd, sa på ein pressekonferanse at «me arresterte ingen for profesjonen deira, men på grunn av seriøs kriminell verksemd» (Awramba Times, 2014). Denne og fleire liknande utsegner indikerer sterkt at representantar for regjeringa har vore inne i biletet før arrestasjonen.

7.2 RETTSERFARINGAR

Fleire har stilt spørsmål ved kor uavhengige rettsprosessane i Etiopia eigentleg er. I medierettssakene kan det nokre gonger synast som dei tiltala er førehandsdømde, jf. utsegnene frå regjeringstalsmenn referert over. I andre saker har retten konkludert i disfavør av regjeringa. Det skjedde til dømes i ei symboltung sak om Ethiopian Free Press Journalists' Association (EFJA) i 2004 (IRIN, 2004). Regjeringa freista å forby organisasjonen, men retten oppheva forbodet og erklærte organisasjonen for lovleg året etterpå. Regjeringa var provosert over den klare opposisjonelle tendensen til EFJA og forbaud organisasjonen under dekke av at den ikkje hadde fornya lisensen sin på tre år, men domstolen såg saka annleis og gav EFJA medhald.

Eit nyleg døme på at regjeringsinteresser har tapt i retten er ein dom mot Ethiopian Television frå april 2014, der fjernsynskanalen vart dømd for urettmessig å ha kopla opposisjonspartiet Unity, Democracy and Justice til terrorinteresser (omtalt under 3.1). Fjernsynsselskapet vart dømd til å laga eit nytt program for å retta opp att skaden. I ei anna sak frå februar 2014 vart kringkastingssjef Birhanu Kidanemariam arrestert då retten fann statskringkastaren til å vera lite samarbeidsvillig i ei terrorsak. Saka gjaldt etterforsking av 28 terrormistenkte, der retten ville bruka råmateriale frå dokumentaren «Jihadawi Harekat», men ETV nekta å etterkoma kravet frå retten om å oversetja materialet til amharisk (Girum, 2014).

Desse sakene provar ikkje at rettspraksisen er rettferdig, men viser at domstolen er oppteken av å opptre på eit sjølvstendig grunnlag. Når det gjeld terrorsakene, er lovverket vagt og tolkingsrommet desto større. På dette området har det oppstått ein restriktiv rettspraksis som det kan vera vanskeleg å reversera i nær framtid.

7.3 SAKA MOT TO SVENSKJE JOURNALISTAR

Rettsaka mot den svenske frilansjournalisten Martin Schibbye og fotografen Johan Persson i 2011–12 fekk svært mykje merksemd i internasjonale medium, også norske. Dei to journalistane vart pågripne av etiopiske tryggingstyrkar etter å ha teke seg ulovleg inn i Ogaden-området aust i Etiopia ved hjelp av separatistorganisasjonen Ogaden National Liberation Front (ONLF), via Somalia. Dom i saka kom i desember 2011, då dei vart dømde til 11 års fengsel for støtte til terrorisme og for å ha gått ulovleg inn på etiopisk territorium. Dei vart benåda av president Girma Woldegiorgis i september 2012 etter eit krevande opphald i Kaliti-fengslet i Addis Abeba. Historia er utførleg fortald i boka «438 dagar» (Persson & Schibbye, 2013).

Dei to svenske journalistane fekk massiv støtte frå rettighetsorganisasjonar og det vestlege diplomatiske miljøet, men mellom etiopiske journalistar var støtta meir avmålt. Etter deira oppfatning tok vestlege representantar for lett på at etiopisk territorium var krenkt. I tillegg er det for etiopiarar flest heilt uforståeleg at journalistar kan samarbeida med ONLF, som dei ser på som ein terrororganisasjon (intervju med leiar i PEN Ethiopia, Addis Abeba, 15. mars 2014).

Dommen mot Schibbye og Persson viser kor betent terrorspørsmålet er i Etiopia. Ingen skandinav vil mistenkja dei to svenske journalistane for å vilja støtta terrorisme. Knappt heller nokon etiopiske journalist vil mistenkja dei for eit slikt motiv. Likevel vil ein del etiopiske journalistar meina at det er heilt uaksetabelt å samarbeida med ein organisasjon som ONLF, og dermed kan dei forsvare at det vert reagert mot dei to journalistane, sjølv om dei vil meina at 11 års fengsel er for strengt.

7.4 BRUTALE OVERGREP OG MISHANDLING

Brutale fysiske overgrep mot journalistar er det få av i Etiopia. Av 210 drap på journalistar på det afrikanske kontinentet mellom januar 1992 og april 2014, var berre eitt i Etiopia. Tilfellet gjaldt ein redaktør i ei privat avis som døyddde av lungebetennelse etter eit fengselsopphald i 1998 (www.cpj.org).

Fysisk mishandling av journalistar ved arrestasjon eller i fengsel førekjem. I forarbeidet til denne rapporten har forfattaren intervjuet i underkant av ti journalistar som har site i fengsel. Av desse har minst to opplevd mishandling i form av slag og fysisk maktbruk. Den eine, som var fengsla i 15 månader i 2010–11, klaga særleg over handsaminga i Maekelawi-fengslet i Addis Abeba, som vert brukt som varetektsanstalt. Han fekk slag mot ulike stader på kroppen, og måtte tilbringa dei første 3-4 dagane på eit mørkt rom. På dette tidspunktet var han mistenkt for å vera medlem i ein terroristorganisasjon. Tilhøva vart betre då han vart flytt til Kaliti-fengslet, der det ifølgje han sjølv var lite fysisk vald. Men han rapporterer om svært kummerlege forhold, med mange fangar som sov på golvet utan madrass eller ullteppe. Maten var dårleg, men dei kunne motta forsyningar frå familien (intervju med journalist, Addis Abeba, 15. desember 2011). Andre stadfestar ei slik framstilling.

8. JOURNALISTISK AKTIVITET I EKSIL

8.1 ETIOPISE JOURNALISTAR I EKSIL

Ifølgje Committee to Protect Journalists er Etiopia eit av landa som tvingar flest journalistar i eksil, nest etter Iran og Somalia. 45 etiopiske journalistar skal ha søkt asyl i andre land i perioden 2008–13 (www.cpj.org/exile). Talet er neppe eksakt. Det vestlege landet som tek imot flest eksiljournalistar frå Etiopia er USA. Også Canada, Storbritannia, Tyskland, Sverige og Noreg har ein viss kontingent etiopiske journalistar. I tillegg er det ein del etiopiske journalistar i Kenya og Uganda, som i nokon grad fungerer som transitland for vestlege destinasjonar.

Motiva for å søkja asyl som etiopisk journalist er samansette. Fleire som er oppførte i lister over etiopiske journalistar i asyl har inga kjend fortid innan media og er heilt

ukjende i journalistmiljøet i heimlandet (Skjerdal, 2010a). Andre har truverdig bakgrunn og er profilerte mediepersonlegdomar. Ein del av desse held fram med den journalistiske aktiviteten frå sitt nye heimland.

8.2 EKSILMEDIUM

Det finst ei mengd mediekanalar produsert av det etiopiske eksilmiljøet. Mange stader i Europa og Nord-Amerika eksisterer det publikasjonar, radiosendingar og fjernsynssendingar laga av og for etiopiarar. Den mest synlege medieaktiviteten skjer på internett. Med god grunn har det vore hevda at det vert produsert meir nettjournalistikk om Etiopia av journalistar i diasporaen enn av journalistar i heimlandet (Skjerdal, 2014).

Mange av nettstadene produsert av diasporaen er regimekritiske. Tre av dei mest populære er Ethiopian Media Forum (www.ethioforum.org, støttar Ginbot 7), EthioMedia (www.ethiomedia.com, har støtta ulike grupperingar) og Ethiopian Review (www.ethiopianreview.info, støttar Ginbot 7 og Ethiopian Peoples' Patriotic Front). Produksjonen av desse nettstadene skjer på fritida. Redaktørane er busette i Europa og Nord-Amerika, og fleire har ei fortid i den private pressa i Etiopia. Dei nyttar seg av kontaktar i heimlandet som fleire gonger i veka rapporterer til nettstadene. Hovudinnhaldet er truverdig, men vinklinga er klart politisk (opposisjonell), og ein del gonger vert rykteprega informasjon publisert utan faktasjekk. Særleg omdiskutert er den Eritrea-venlege nettstaden Ethiopian Review, som har ein aggressiv reportasjestil. Redaktør Elias Kifle har vorte dømd to gonger i britisk rett for ærekrenkingar mot den etiopiske forretningsmannen Mohammed Hussein Al Amoudi, med krav på å betala oppreisningar på 175.000 pund (2011) og 180.000 pund (2013) (Tigrai Online, 2013).

Den største mediesatsinga blant etiopiarar i eksil er Ethiopian Satellite Television (ESAT). Stasjonen kom på lufta i 2010, og har daglege sendingar frå Amsterdam og Washington DC (samt redaksjonskontor i London). I tillegg har den ei éin-times dagleg sending på kortbølgje (radio). I motsetnad til dei fleste store eksilkanalane på nettet produserer ESAT i all hovudsak stoff på amharisk, ikkje engelsk. Sendingane er retta mot eit etiopisk heimepublikum. Fjernsynssendingane har måtta flytta mellom ulike satellittar på grunn av forstyrringar frå Etiopia (Daniel, 2014). ESAT har i periodar på fleire månader vore heilt utilgjengeleg i Etiopia; i andre periodar er den tilgjengeleg. Nettsida deira (www.ethsat.com) er blokkert i Etiopia, og personar tilknytt ESAT har vore utsett for avansert hacking og forsøk på overvaking (Citizen Lab, 2014). Ein informant lokalt i Etiopia er dømd til fire års fengsel for å ha utlevert sensitiv informasjon til ESAT (Ethiopian Opinion, 2014). Etiopiske styresmakter er tydeleg skeptiske til medieselskapet. ESAT presenterer seg sjølv som uavhengig, men fleire av frontfigurane er nært knytt til Ginbot 7. Fleire av medarbeidarane til ESAT i Europa og Nord-Amerika er dømde etter antiterrorlova in absentia.

8.3 BLOKKERING AV EKSILMEDIUM

Regjeringskritiske diasporanettstader er systematisk blokkerte i Etiopia, sjølv om dei frå tid til anna er tilgjengelege. Ei rekkje nettstader vart kontrollert i mars 2014 i samband med forarbeidet til denne rapporten. Så å seia alle kritiske nettstader med opphav i diasporaen var blokkerte, t.d. Abugida, Abbay Media, Addis Voice, ECAD Forum, Ethio Media, Ethiopian Review og Ethio Sun. Ulike bloggar og mindre kontroversielle nyhendesider/samlesider var derimot tilgjengelege. Dette gjaldt

mellom anna bloggen til Endalkachew Hailemichael, ein av bloggarane i Zone9-nettverket.

Nettsidene til alle dei store internasjonale rettighetsorganisasjonane var tilgjengelege under kontrollen i mars 2014 (t.d. Human Rights Watch, Amnesty International, Reporters Without Borders, Committee to Protect Journalists, National Endowment for Democracy, Open Society Foundations og International Press Institute). Enkelte av desse sidene er tidvis rapporterte som utilgjengelege.

Det er mogleg å få tilgang til nettsidene via proxyserver. Enkelte av dei mest ivrige brukar dette, men det verkar som lesarar flest i Etiopia ikkje gjer det. Ein del av informasjonen frå dei kritiske nettstadene er likevel tilgjengeleg på alternative nettsider, og ikkje minst via kopiering på Facebook. Facebook er fullt tilgjengeleg (jf. 3.6).

Alle nettsider produsert lokalt i Etiopia var for øvrig tilgjengelege under sjekken i mars 2014. Det gjeld òg dei med ei meir kritisk vinkling (t.d. Awramba Times).

Totalt sett kan det verka som sensuren av nettet i Etiopia berre er delvis «vellukka». Dersom styresmaktene ville hatt full kontroll over regjeringskritisk informasjon, måtte dei ha sperra alle dei omtala nettsidene konsekvent, inkludert sidene til internasjonale rettighetsorganisasjonar. Slik situasjonen er no, har opposisjonelle grupperingar i Etiopia nok moglegheiter til spreiding av informasjon til at dei kan oppretthalda ein kritisk opinion. Det er ikkje godt å seia kva som ligg bak denne strategien frå styresmaktene si side. Det er mogleg at dei vil unngå å bli sett i bås med totalitære regime som dei ikkje vil samanlikna seg med.

8.4 RETUR AV EKSILJOURNALISTAR

Det er mest ingen meldingar om etiopiske journalistar i eksil som har vendt tilbake til Etiopia. Eit nyleg døme er det likevel: Dawit Kebede, redaktør av Awramba Times. Han har lenge hatt ein høg profil som redaktør i Etiopia, og var ein av journalistane som var langtidsfengsla etter 2005-vallet. Straks etter lauslatinga i 2007 byrja han å gje ut Awramba Times som avis og magasin (på amharisk). Publikasjonen vart frå byrjinga rekna som støtteorgan for CUD og seinare Ginbot 7, i og med at frontfigur Berhanu Nega var mykje i spaltene. I november 2011 vurderte Dawit Kebede mediesituasjonen i Etiopia som så spent at han flykta til USA. Han tok opp arbeidet med Awramba Times frå Washington DC, no som nettpublikasjon. Etter kvart kom han i konflikt med delar av journalistmiljøet i eksil som støttar Ginbot 7, etter eiga oppfatning fordi eksilmiljøet ikkje toler kritikk (intervju med Dawit Kebede, Addis Abeba, 19. mars 2014).

I oktober 2013 returnerte han til Etiopia. Han redigerer framleis Awramba Times, men no som nettavis i staden for papiravis (jf. 3.4). På spørsmål om korleis det er mogleg for han å arbeida som journalist i Etiopia etter å ha returnert, seier han: «Eg kan ikkje arbeida fritt, det er enkelte hinder. Eg kjenner handlingsmønsteret til regjeringa. Det er betre å ta den utfordringa enn å arbeida som journalist i eksil.» Sjølv om Awramba Times (www.awrambatimes.com) har ein del kritisk stoff om regimet, kjenner Dawit Kebede seg trygg på at han kan unngå represaliar. «Når dei ser at me òg kan kritisera Ginbot 7, er det greitt,» seier han (intervju med Dawit Kebede, Addis Abeba, 19. mars 2014).

9. OPPSUMMERING

Journalistisk aktivitet i Etiopia er stadig under press. Styresmaktene driv aktiv informasjonskontroll, og kritiske journalistar kjenner seg overvaka. Likevel er det eit rom for uavhengig journalistikk for organ som ikkje er einsidige i kritikken av offisiell politikk. Tamrat Gebregiorgis, redaktør i den private avisa Fortune, uttalar seg slik om pressesituasjonen i Etiopia i samband med arrestasjonen av seks bloggarar og tre journalistar i april 2014:

«It's not as doomy and gloomy as many critics of the government tried to portray. That there is no room to criticize the government and report stories that deem negative to the authority or power that be. It is possible, at the same time it is difficult, it is somewhere in the gray area» (Tamrat Gebregiorgis, sjefredaktør i Fortune, 2. mai 2014; sjå Van der Wolf, 2014).

Spesielt utsett for reaksjonar frå styresmaktene er journalistar som gjennom medieaktiviteten blandar journalistikk og politisk aktivisme. Dette har vore de facto-policy heilt sidan EPRDF kom til makta i 1991, og den mediepolitiske linja har ikkje endra seg monaleg etter at Hailemariam Desalegn overtok som statsminister i september 2012.

10. REFERANSAR

Skriftlege kjelder

Merknad: Etiopiske namn følgjer etiopisk namnetradisjon, dvs. dei er oppførte etter førstena.

- Abou, Hassam (1999). Composed around the echo of a pistol shot. *Index on Censorship* 28(1), s. 76–105.
- Addis Neger Online (2011, 12. august). Crackdown in Addis Ababa Internet cafés, Two arrested on Tuesday. *Addis Neger Online*. Tilgjengeleg frå <http://ecadforum.com/News/crackdown-in-addis-ababa-internet-cafes-two-arrested-on-tuesday/> [lasta ned 11. juni 2014]
- Akinfeleye, Ralph A (1982). *Essentials of modern African journalism: a primer*. Lagos: Miral Publishers.
- Alemayehu Gebremariam (2012, 28. oktober). Ethiopia's Reeyot: "The price for my courage". *Al Mariam's Commentaries* [blogg]. Tilgjengeleg frå http://open.salon.com/blog/almariam/2012/10/26/ethiopias_reeyot_the_price_for_my_courage [lasta ned 11. juni 2014]
- Article XIX (2010, mars). *Comment on Anti-Terrorism Proclamation, 2009, of Ethiopia*. London: Article 19. Tilgjengeleg frå <http://www.article19.org/pdfs/analysis/ethiopia-comment-on-anti-terrorism-proclamation-2009.pdf> [lasta ned 11. juni 2014]
- Awramba Times (2014, 10. mai). Redwan Hussein defends arrests of bloggers and journalists. *Awramba Times*. Tilgjengeleg frå <http://www.awrambatimes.com/?p=11958> [lasta ned 11. juni 2014]
- Balancing Act (2010, 17. september). SMS message ban in Mozambique raises difficulties operators and government will have to deal with. *Balancing Act, Issue 522*. Tilgjengeleg frå <http://www.balancingact-africa.com/news/en/issue-no-522> [lasta ned 11. juni 2014]
- BBC News (2010, 19. mars). Ethiopia admits jamming VOA broadcasts in Amharic. *BBC News*. Tilgjengeleg frå <http://news.bbc.co.uk/2/hi/africa/8575749.stm> [lasta ned 11. juni 2014]
- Birhanu Olana (2010). The growing influence of bribery in Ethiopian journalism. *African Communication Research* 3(3), s. 475–496.
- Birhanu Olana (2013). *Negotiating identities: The professional self-perception of Ethiopian journalists*. PhD-avhandling, University of Sydney.
- Birhanu Olana (2014, 24. mars). Pride vs. humility: The self-perceived paradoxical identities of Ethiopian journalists. *Sage Open* 4(1), s. 1–14. Tilgjengeleg frå <http://sgo.sagepub.com/content/4/1/2158244014528921> [lasta ned 11. juni 2014]
- Birhanu Olana & Penny O'Donnell (2012). The double talk of manipulative liberalism in Ethiopia: An example of new strategies of media repression. *African Communication Research* 5(3), s. 283–312.
- Citizen Lab (2014, 12. februar). Hacking team and the targeting of Ethiopian journalists. Tilgjengeleg frå <https://citizenlab.org/2014/02/hacking-team-targeting-ethiopian-journalists/> [lasta ned 11. juni 2014]
- CPJ, dvs Committee to Protect Journalists (2013, 8. februar). *Renewed charges designed to silence critical Ethiopian journalist*. New York: CPJ. Tilgjengeleg frå <http://cpj.org/x/52ca> [lasta ned 11. juni 2014]
- Daniel Berhane (2014, 1. juni). Ethiopia accused of jamming ArabSat – technology costs up to \$50,000. *Horn Affairs*. Tilgjengeleg frå <http://hornaffairs.com/en/2014/06/01/ethiopia-accused-jamming-arabsat-technology-costs-50000/> [lasta ned 11. juni 2014]

- Engdawork Tadesse (2011). *Challenges of journalists in reporting politics: A comparative study of FM Addis 97.1 and Sheger FM 102.1 radios*. Masteroppgåve, Addis Abeba universitet.
- Ethiopian Opinion (2014, 23. januar). Man accused of spying for ESAT sentenced to four years in prison. *Ethiopian Opinion*. Tilgjengeleg frå <http://www.ethiopianopinion.com/man-accused-of-spying-for-esat-sentenced-to-four-years-in-prison/> [lasta ned 11. juni 2014]
- Ethiopian Press Agency (2008, april). Basis and directives for an operational philosophy of our democratic and developmental media.
Policydokument, oversett frå amharisk til engelsk av forskingsassistent. Ikkje tilgjengeleg på internett.
- Fortune (2014, 30. mars). Fana Broadcasting Corporate to build a studio with 150m Br'. *Addis Fortune*. Tilgjengeleg frå <http://addisfortune.net/articles/fana-broadcasting-corporate-to-build-a-studio-with-150m-br/> [lasta ned 11. juni 2014]
- Gagliardone, Iginio (2014). New media and the developmental state in Ethiopia. *African Affairs* 113/451, s. 279–299.
- Gedion Timothewos (2010). Freedom of expression in Ethiopia: The jurisprudential dearth. *Mizan Law Review* 4(2), s. 201–231.
- Girum Tebeje (2014, 23. februar). Court orders for ETV director to be in custody and appear in court. *DireTube*. Tilgjengeleg frå http://www.diretube.com/articles/read-court-orders-for-etv-director-to-be-in-custody-and-appear-in-court_4471.html#.U5JRGk2KDGg [lasta ned 11. juni 2014]
- Heinlein, Peter (2011, 22. mars). Ethiopia accused of detaining activists to deter uprising. *Voice of America*. Tilgjengeleg frå <http://www.voanews.com/content/ethiopia-accused-of-detaining-activists-to-deter-uprising--118543469/157734.html> [lasta ned 11. juni 2014]
- Helen Yosef (2011). *Backfiring repressions: The polarization of Ethiopian blogs*. Masteroppgåve, University for Peace, Costa Rica.
- Human Rights Watch (2014, 25. mars). “They know everything we do”: Telecom and Internet surveillance in Ethiopia. New York: Human Rights Watch. Tilgjengeleg frå <http://www.hrw.org/reports/2014/03/25/they-know-everything-we-do> [lasta ned 11. juni 2014]
- IRIN (2004, 19. januar). Ethiopia: Government bans journalists’ association. *IRIN*. Tilgjengeleg frå <http://www.irinnews.org/report/48139/ethiopia-government-bans-journalists-association> [lasta ned 11. juni 2014]
- Kerina, Kakuna (1996, 6. juli). *Clampdown in Addis: Ethiopia’s journalists at risk*. New York: CPJ. Tilgjengeleg frå <http://www.cpj.org/reports/1996/07/ethiopia-journalists-at-risk.php> [lasta ned 11. juni 2014]
- Kibnesh Chala (2006). *Use of Internet as a medium of disseminating information by Ethiopian newspapers*. Masteroppgåve, Addis Abeba universitet.
- Landinfo (2012, 20. august). *Temanotat Etiopia: Partiet Ginbot 7*. Oslo: Landinfo. Tilgjengeleg frå http://www.landinfo.no/asset/2132/1/2132_1.pdf [lasta ned 11. juni 2014]
- Persson, Johan & Martin Schibbye (2013). *438 dagar*. Göteborg: Offside Press.
- Poetranto, Irene (2012, 1. november). Update on information controls in Ethiopia. *OpenNet Initiative*. Tilgjengeleg frå <https://opennet.net/blog/2012/11/update-information-controls-ethiopia> [lasta ned 11. juni 2014]
- Portland (2014). *How Africa tweets - 2014*. Nairobi: Portland. Tilgjengeleg frå <http://www.portland-communications.com/publications/how-africa-tweets-2014/> [lasta ned 11. juni 2014]
- Skjerdal, Terje (2010a). How reliable are journalists in exile? *British Journalism Review* 21(3), s. 46–51.

- Skjerdal, Terje (2010b). Justifying self-censorship: A perspective from Ethiopia. *Westminster Papers in Communication and Culture* 7(2), s. 98–121.
- Skjerdal, Terje (2012). Development journalism revived: The case of Ethiopia. I: Herman Wasserman (red.), *Press freedom in Africa: Comparative perspectives*. London: Routledge, s. 67–83.
- Skjerdal, Terje (2013). *Competing loyalties: Journalism culture in the Ethiopian state media*. PhD-avhandling, Universitetet i Oslo.
- Skjerdal, Terje (2014). Online journalism under pressure: An Ethiopian account. I: Hayes Mabweazara, Okoth Fred Mudhai & Jason Whittaker (red.), *Online journalism in Africa: Trends, practices and emerging cultures*. New York: Routledge, s. 89–103.
- Tamiru Tsige (2014, 5. april). State-owned broadcaster found guilty of defamation. *The Reporter*. Tilgjengeleg frå <http://www.thereporterethiopia.com/index.php/news-headlines/item/1830-state-owned-broadcaster-found-guilty-of-defamation> [lasta ned 11. juni 2014]
- Tigray Online (2013, 4. mars). Sheik Mohammed Al Amoudi wins libel action against Ethiopian Review and its editor. *Tigray Online*. Tilgjengeleg frå <http://www.tigraionline.com/articles/article130251.html> [lasta ned 11. juni 2014]
- UN Human Rights Council (2012, 28. desember). *Opinions adopted by the Working Group on Arbitrary Detention at its sixty-fifth session, 14–23 November 2012, no. 62/2012*. New York: UN Human Rights Council. Tilgjengeleg frå <http://www.freedom-now.org/wp-content/uploads/2013/04/Eskinder-Nega-WGAD-Opinion1.pdf> [lasta ned 11. juni 2014]
- U.S. Department of State (2014, 27. februar). *2013 Human Rights Report: Ethiopia*. Washington D.C.: U.S. Department of State. Tilgjengeleg frå <http://www.state.gov/documents/organization/220323.pdf> [lasta ned 11. juni 2014]
- Van der Wolf, Marthe (2014, 2. mai). Little to celebrate in Ethiopia during World Press Freedom Day. *Voice of America*. Tilgjengeleg frå <http://www.voanews.com/content/little-to-celebrate-in-ethiopia-during-world-press-freedom-day/1905971.html> [lasta ned 11. juni 2014]
- Ward, David (2011). *Ethiopia media mapping 2011*. London: Electoral Reform International Services. Tilgjengeleg frå <http://www.eris.org.uk/images/userfiles/File/Ethiopia%20Media%20Mapping%202011%20-%20Final%20Report.pdf> [lasta ned 11. juni 2014]
- Ward, David & Selam Ayalew (2011). *Audience survey Ethiopia 2011*. London: Rapport, Electoral Reform International Services. Tilgjengeleg frå <http://www.eris.org.uk/images/userfiles/File/Audience%20survey%20report%202011%20Final.pdf> [lasta ned 11. juni 2014]
- Wondwossen Mekuria (2010). *Young audiences' satisfaction of selected FM stations: FM Addis 97.1, Fana FM 98.1 and Sheger FM 102.1 in focus*. Masteroppgåve, Addis Abeba universitet.
- Yonas Abiye (2014, 12. april). Private broadcasting questions remain unanswered. *The Reporter*. Tilgjengeleg frå <http://www.thereporterethiopia.com/index.php/news-headlines/item/1864-private-broadcasting-questions-remain-unanswered> [lasta ned 11. juni 2014]

Munnlege kjelder

Mykje av informasjonen i notatet er basert på samtalar og intervju med ca. 90 journalistar og redaktørar i Etiopia. Også personar i mediemiljøet i eksil er intervjuet. Intervjua har funne stad i ulike feltarbeidsperiodar mellom 2007 og 2014. Dei siste intervjua vart gjorde i Addis Abeba i mars 2014.